

Dialektendringsprosessar

Prosjektskisse

2007

Helge Sandøy, Gunnstein Akselberg og Gjert Kristoffersen
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, HF, UiB

Innholdsliste

1. Mål og bakgrunn	1
2. Teori	2
3. Delmål	4
4. Forskingsspørsmål	4
5. Metode og materiale	7
6. Prosjektform	8
7. Vinning og perspektiv	8
8. Nasjonalt og internasjonalt samarbeid ...	9
9. Referansar	10

1. Mål og bakgrunn

Hovudmålet for dette prosjektet er

å utvikle innsikt i moderne dialektendringsprosessar og forholdet mellom samfunnsendring og språkendring.

Norske dialektar er sjølvst i endring – som alle andre dialektar. Men det er ulike meiningar om korleis dei endrar seg, i kva retning, kor fort og korfor. Det kan vere stor forskjell på vurderingane åt lekfolk og åt fagfolk i oppfatninga av korleis dialektane forandrar seg, først og fremst pga. dei ulike føresetnadene for å observere med grunnlag i språkvitskaplege modellar. Men også blant fagfolk er det svært ulike syn, for det er usemje om perspektiv og vektlegging. Mens amerikansk dialektologi og sociolingvistik – særleg William Labov – legg stor vekt på divergerande tendensar i språkutviklinga, har europeisk dialektforskning framheva dei konvergerande tendensane og sett dei som overordna. Innafor konvergeringsperspektivet har det vore vanleg å sjå på standardmålet som påverknadskjelde, og at drag ifrå det blir spreidd nedover i ein hierarkisk samfunnsstruktur med dialektnivellering som resultat. Dermed følgjer språkendringsprosessen same mønsteret som ein ser i samband med spreinga innafor andre kulturdomene. Prestisje og autoritet er dermed viktige påverknadsfaktorar. (Kerswill o.fl. 2005.)

Ein kritisk refleksjon til denne tilnærminga er at sjølve oppfatninga vår av tendensane kan vere påverka av ideologiske styringar, dvs. at dei er prega av dei allmenne oppfatningane av sosialt og kulturelt sterke og svake krefter. Dermed kan sjølve oppfatningane vere resultat av eit rådande kulturelt hegemoni. I kor stor grad det er slik, har vi ikkje gode kunnskapar om, fordi vi har mangla godt nok datagrunnlag til nøyaktige kontrollar. Vi har dessutan for lite erfaring med å utvikle modellar for systematiske jamføringar som er uavhengige av dei kulturelle stereotypiane og førehandsinntrykka våre, dvs. jamføringar som tek konsekvensen av at språkbruk og bevisstheit om språk er to ulike studieobjekt.

Sociolingvistikken har lenge påvist at mye variasjon finst og mange endringar føregår under bevisstheitsnivået hos språkbrukarane (Labov 1980), men likevel har variantane eit sosialt innhald for brukarane på den måten at dei vel språkvariantar og reagerer på dei som om dei har ulik sosial verdi. Dette siste perspektivet har gjort at det dominerande synet innafor sociolingvistikken har vore at det er sosiale faktorar som styrer språkendringane. Desse sosiale faktorane kan da vere både dei ovafrå i hierarkiet, som nemnt ovafor, og dei kan vere ymse "opposisjonelle" krefter nedafrå (jf. "covert prestige"). Men det ein ikkje har undersøkt, er omfanget av endringar som ikkje har fått tillagd sosial verdi. Det er ein tendens til at slike endringar blir oversedde både av språkbrukarane og av lingvistane

– kanskje nettopp pga. at alle har ei observasjonsevne som er sterkt påverka av kulturdominansen vi lever under. (For eksempel har *kj*-lyden gått over frå affrikat til frikativ i delar av landet utan at folk har vore oppmerksame på det; og det har gjerne skjedd i generasjonen før det blei aktuelt med samanfall mellom *kj* og *sj*.) For å korrigere dette lyt dialektologien vende seg meir mot strukturanalysar att og prøve å kartleggje alt som representerer språkendingar.

Alle dialektforskarar godtek nok at sosiale faktorar er sterke i endringsprosessane. Men kor sterke dei er, og korleis dei samverkar, er uavklart. I Noreg viser språkendingane mange mønster. Somme talar om at utviklinga er prega av regionale tendensar (Akselberg 2005), andre om generell standardisering (Mæhlum 2003). I alle fall er mønstra svært skiftande, og nye fenomen dukkar opp og spreier seg og lagar nye dialektgrenser (Sandøy 2006). Denne situasjonen viser at dersom hierarkimodellen og standardiseringa er den overordna her i landet, så er endringsmønstra så mange og ulike at dei representerer ei utfordring, og eit studium av dei kan vere med å klarleggje skiftande samspel mellom ulike krefter. Den norske særutviklinga i Skandinavia er òg ei slik utfordring til standardiseringsteorien, for hos oss har eit munnleg standardspråk eit svært avgrensa sosialt verkeområde. Eit systematisk studium som kan gi grunnlag for jamføring med nabolanda, kan tene som del av eit større forskingslaboratorium som kan gi oss ei betre forståing av korleis indrespråklege og samfunnsmessige faktorar samverkar i språkendingprosessen.

Nytt for dette prosjektet er at vi vil komme nærare dei nemnde problemstillingane ved å studere *språkendingar i 'verkeleg tid'* og ved å *dekkje alle endringsvariablar*, slik vi skal gjere greie for nedafor.

2. Teori

Språkvitskapen har gjennom fleire generasjonar kunna slå fast regelmessigheiter i språkendingane. Likevel kan vi per i dag i liten grad predikere kva som kjem til å skje. Dei indre-språklege faktorane som historisk språkvitskap kan vise til, er meir å sjå på som føringar, ikkje determinerande faktorar. Dessutan erkjenner vi at også sosiale krefter verkar på ein eller annan måte inn. Dette gir endringane eit komplekst endringsmønster.

Språket gir pga. strukturprinsipp og taleorgan visse preferansar for kva som kan skje av endringar. Men det same skjer ikkje overalt og til alle tider. Språkeksterne (eller sosiale) faktorar kan hjelpe oss til å forstå nettopp det. For å forstå dei sosiale og sosialpsykologiske faktorane er det viktig å studere 'grupper' og 'samfunn'. Desse omgrepa må definerast uavhengig av 'språk', men likevel som einingar der kommunikasjon og kontakt er viktige kriterium. Sjølve operasjonaliseringa av omgrepet må i tillegg tilpassast dei aktuelle forskingsspørsmåla.


Når ein prøver å forstå korleis talemålet forandrar seg, er det vanleg å skilje mellom prosessar som føregår på mikro-, meso- og makronivå i samfunnet. Med *mikronivået* siktar ein til den enkelte språkbrukaren; *mesonivået* gjeld den sosiale kretsen som individet fungerer som del av, og vi skal nedafor omtale det som sosial gruppe eller lokalsamfunn; *makronivået* er storsamfunnet, som er ei eining som legg politiske og økonomiske føringar for korleis lokalsamfunna utviklar seg.

Sosiolingvisten James Milroy har understreka skiljet mellom *innovasjon* og *ending* (1992). Innovasjonar skjer kontinuerleg på individnivået (mikronivået); men i dei fleste tilfella rettar språkbrukaren seg sjølv og tilpassar seg språknorma i samfunnet sitt. I andre tilfelle utviklar innovasjonen seg til ein ny språkvanane. Men denne nye språkvanane er ikkje ei språkending så lenge han blir verande eit idiosynkratisk fenomen hos individet (I_1). Endringsprosessen begynner når andre individ (I_2 ...) tek etter same vanane, og endinga er avslutta når siste individet (I_n) i eit gitt språksamfunn har gjennomført det nye draget.

I eit sosialt perspektiv skal endingar ikkje forklarast først og fremst som individuelle val; dei skal forståast i lys av den sosiale erfaringa og den sosiale identiteten åt språkbrukaren. Talehandlingar er identitetshandlingar. Derfor er språkendingar i så stor grad ein verknad av sosiale krefter innafor grupper (mesonivået), og dei er i sin tur att avhengige av dei større samfunnsprosessane (på


makronivået). Det vil ta tid før ei endring i språkvanane spreier seg frå ein enkeltperson (I_1) til den siste medlemmen i samfunnet (I_n). Men dersom endringa kan få fordelar av visse krefter i gruppedynamikken, kan ho auke gjennomføringstempoet, inntil majoriteten har godteke den nye vanen. Til slutt sakkår endringa tempoet fordi det til vanleg er nokre språkleg konservative i samfunnet som motset seg endringa. Ut frå dette resonnementet kan ein tenkje seg at dei internlingvistiske faktorane verkar mest inn på språket svært tidleg i prosessen, dvs. nær innovasjonsstadiet.

Denne prosessen innafor eit lokalt språksamfunn kan vi illustrere med den såkalla S-kurva, som er vist i denne grafen:



Gruppedynamikken er særleg studert i nettverksanalysar, som Milroy (1980) la grunnlaget for. Sosiolingvistar har òg utvikla teoriar om prosessen innafor lokalsamfunn, og dei tolkar han som ein verknad av tette og lause nettverk, slik at om eit individ tek raskt eller seint etter ei ny form, er det ei følgje av kor intenst det er deltakar i lokale nettverk.

Ei språkending skjer innafor eit bestemt lokalsamfunn av språkbrukarar. Derfor skal vi skilje mellom endringar i det enkelte lokalsamfunnet og *spreiing* mellom lokalsamfunn i storsamfunnet. Spreiing kan vi sjå på som gjentakande endringar i lokalsamfunn etter lokalsamfunn. Dette skiljet mellom endring og spreiging er viktig når ein skal forstå den større prosessen, som vi kan teikne litt idealisert med denne modellen (der sekskantane S_1 til S_n representerer lokalsamfunn i storsamfunnet). Her er forståinga av faktorar på makronivået viktig.



Det er den sosiale prosessen frå innovasjonen og fram til full gjennomføring i storsamfunnet som er interessefeltet. Generelt sett kan vi altså bryte denne språkendringsprosessen i storsamfunnet ned i ein serie spreigingar og ein serie endringar, og også som ei utvikling frå ein innovasjon til ein språkleg vane hos individet. I ein slik modell er det ingen forskjell på indre-motiverte innovasjonar og nyutviklingar som spreier seg ved at einkvan imiterer ein annan frå eit anna lokalsamfunn pga. kontakt. Men som nemnt ovafor kan ein tenkje seg at dei interne faktorane betyr mest nær innovasjonstidspunktet og før den sosiale dynamikken tek over. Med solide empiriske data kan ein kanskje underbygge det.

Så langt tek modellen omsyn til språkbruksdata og opplysningar om sosiale kategoriar. Men på individnivået kan kvar realisering av ein språkleg variant sjåast på som ei identitetshandling motivert ut frå individuelle preferansar, strategiar og verdiar. Derfor lyt vi òg ha data om dei bevisste og underbevisste holdningane informantane har til språkvariantar. Også medvitte folk har om språket og dialekten kan vere uttrykk for identitetsoppbygginga hos individet, og det kan dermed verke inn på den språkleg endringa. Derfor treng ein i ei gransking som dette òg data om holdningar og medvit.

3. Delmål

Siste tiåra er det blitt utført mange mindre prosjekt for å undersøkje situasjonen i lokale dialektar, slik at det finst nokså mange beskrivingar som har god fagleg standard, og som byggjer på solid materiale. Vi ønskjer no å lage nye undersøkingar på same studiestadene. Mye av lydbandmaterialet som ligg til grunn for desse granskingane – for det meste hovudfagsarbeid – ligg i arkiv og kan no bli svært verdifullt ved å tene som jamføringsgrunnlag i oppdaterte granskingar. Derfor har vi no eineståande gode "laboratorie"-vilkår for å studere faktiske endringar over ein generasjon og vel så det med ein hittil ukjent presisjon. Vi kan såleis studere *språkendring i verkeleg tid*. (Før har ein måtta avgrense seg til 'tilsynelatande tid' – dvs. å sjå på aldersvariasjon som identisk med endring i tid.)

Delmåla for dette prosjektet er

- 1) å digitalisere og transkribere opptak frå fire eldre dialektstudiar frå sirka 1980 på Vestlandet (arkivert ved Målføresamlinga ved Universitetet i Bergen). (Målføresamlinga i Bergen skil seg ut ved å ha teke vare på mye slikt materiale.)
- 2) å samle inn nytt materiale frå dei same fire plassane på Vestlandet. Dette nye materialet skal også digitaliserast og transkriberast.
- 3) å lage analysar av språkendingar i verkeleg tid med tanke på *endringsgrad*, *endingstypar*, *endringsretning* og sosiale og samfunnsmessige *vilkår* for endringane. Dette føreset også at ein utviklar modellar for slike analysar. (Grunnlag for slike modellar kan hentast frå faglege diskusjonar i f.eks. skriftserien *Målbryting* og frå internasjonal litteratur som f.eks. Kerswill o.fl. (2005).)

Siste delmålet skal vere hovudoppgåva for ein postdoktor og for dei tre involverte forskarane frå Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (UiB). Vi reknar òg med å kunne rekruttere MA-studentar til mindre prosjekt. To av undersøkingstadene må bli Bergen og Stavanger – som gjentakningar av datainnsamlingar frå 1978 og 1981, jf. TUB (1983–88) og Gabrielsen (1984). Men vi vil ikkje avgjere dei andre to stadene før vi kjenner interessene åt postdoktoren og MA-studentane.

Gransking av endringar i verkeleg tid er det gjort lite av hittil i verda, men det er i gang eit større prosjekt i Danmark og eit mindre i Sverige som er forma på denne leisten med å "gjenta" ei eldre undersøking (som under 2 og 3 ovafor). I internasjonal samanheng er det stor interesse for denne nye typen språkhistoriske forskingsresultat, og dei vil verke fornyande på norsk dialektologi.

4. Forskingsspørsmål

Viktigaste forskningsspørsmåla, organiserte som delprosjekt i dette prosjektet, skal vere:

A. *Språkendring og samfunnstypologi.*

Dette delprosjektet har eit makroperspektiv på endringsprosessane, og det kan utvikle innsikt i eigenskapar ved språket og ved funksjonen som språket har i samfunnet. Målet er å typologisere og kvantifisere språkendingane på gitte stader på eine sida og å gjøre tilsvarende med dei aktuelle språksamfunna på hi. Dermed kan ein sjå om visse samfunnstypar gir betre vilkår for rask endring enn andre, og kanskje det også er mogleg å seie noko om visse samfunnendingar verkar inn på kva type endring ein får i språket.

Slike og andre språklege mønster innafor dei ymse språklege beskrivingsnivåa er det ønskeleg å få kartlagt i eit større materiale med god dekning av samfunnsvariasjonen. *Typologiseringa* av lokalsamfunna etter *sosiale makrofaktorar* vil følgje samfunnsvitskaplege kategoriar, som i utgangspunktet er uavhengige av det språklege studieobjektet vårt og såleis kan ha ei potensiell forklaringskraft. Nærliggjande operasjoniserbare og etterprøvbare kriterium kan vere

- a) stabilitet i befolkninga (jf. flyttestatistikk, mobilitet, befolkningssamansetning),

- b) størrelse (befolkningsstatistikk),
- c) næringsliv/yrkessamansetning (yrkesstatistikk),
- d) struktur i samfunnsorganiseringa (dvs. kommuneadministrasjon, vidaregåande skole o.m.),
- e) kommunikasjonar/til- og frå-pendling (pendle- og reisestatistikk), og
- f) ikkje-språklege kulturuttrykk (festivalar, museum, lokallitteratur, lagsliv, musikk, kunst, sport osv.).

Alle desse faktorane kan brukast når ein skal forstå rammene som grupper og individ forstår seg innafør når dei fokuserer kulturverdiane og byggjer opp sosiale og individuelle identitetar. I botnen for dette ligg den sosialpsykologiske innsikta at språk spelar ei viktig rolle i identitetsoppbygginga, og at språkending må forståast ut frå det.

Her er det relevant å understreke at det ikkje er tale berre om vilkår for *ending*; like fruktbart kan det vere å sjå etter vilkår som *bremsar* på endringsprosessane. Ei oppfatning er f.eks. at tette, småe og stabile samfunn nettopp bremsar. Likevel kan desse samfunna under visse slike vilkår initiere interntbaserte utviklingar som er språkstrukturelt kompliserande (Trudgill 1998). Vi kjenner til eksempel på slike kompliseringar, men veit i dag lite om kva desse vilkåra er.

Manglande stabilitet møter vi ved stor tilflytting til eit språksamfunn, og der kan ein vente seg "import" av nye språkdrag. Men det ser ut til at tilflyttinga må ha eit visst omfang før "smeltedigeleffekten" får innverknad på grammatikken. Det er f.eks. hevda at morfologiske subkategoriar og morfofonologiske reglar er dei grammatiske draga som lettast fell ved manglande sosial stabilitet. (Andersen 1989, Trudgill 1986, 1992 og 1996, Sandøy 2004.)

Det er alt gode indikasjonar på at *grammatikalske drag* er mye meir "robuste" enn leksikalske. Men det er òg grunnlag for å tenkje seg at det innafør dei grammatiske nivåa er forskjell på endringsmåten og på vilkåra for ending. Det gjer at ein lyt leggje vekt på den lingvistiske analysen av variablane for betre å kunne avdekkje om også dei språkinterne vilkåra spelar ei rolle.

Kvantifiseringa av språklege endringar vil krevje noko metodisk nyutvikling, for ein må finne kriterium som er både operasjonaliserbare og uavhengige av kulturbetinga språkarakteristikkar. Den mest aktuelle kvantifiseringsmodellen byggjer på frekvens av strukturelle forskjellar; det er eit emne Sandøy alt har arbeidd med nettopp med tanke på jamføringar av endringsgrad i ulike samfunn. (Nerbonne & Heeringa 2001, Sandøy 2007). I tillegg til sjølv kvantifiseringa treng ein å utvikle ein metode og praksis for å peike ut variablane ein skal undersøkje. Den vanlege praksisen i internasjonal talemålsforskning har vore å plukke ut variablar etter intuisjonen, og intensjonen med utvalet har vore å finne variablar som er vare for sosialt innhald. Når ein òg har måtta avgrense variabeltalet av praktiske grunnar, har det vore naturleg å konsentrere seg om dei sosialt mest vare variablane. Den framgangsmåten er legitim når formålet er å undersøkje dei sosiale mønstra variasjonen går inn i. Så langt overser ein altså bevisst ein del variablar. Dessutan påverkar dei kulturelle stereotypiane observasjonsevna vår slik at vi ikkje oppdagar visse endringar. Det er velkjent for språkforskarar at vi ikkje blir oppmerksame på somme endringar før dei alt er nokså gjennomførte. (Vi kan nemne "usynlege" endringar som gjeld f.eks. intonasjon, assimilasjonar av *nd*, *ld* og *ng*, nye vokalrealiseringar, nye funksjonar for kasusformene av personlege pronomen, og nye pragmatiske partiklar. Jamfør Hognestad (2007) om intonasjon og Lund (2005) om ymse tilsvarande fenomen i dansk.) Med ei systematisk lingvistisk jamføring av lydbandtekstar frå to ulike periodar, har ein eit godt utgangspunkt for slik næranalyse av dei samla endingstendensane. Slike systematiske analysar har ikkje før vore gjorde før i norsk dialektologi. Vi vil leggje vekt på å få med syntaktiske og pragmatiske variablar i tillegg til dei tradisjonelle nivåa fonologi og morfologi.

B. Språkending og livshistorier

Eit sentralt perspektiv i slik gransking er å skilje mellom det som er *livsfaseendingar* og det som er endringar alle i eit samfunn er med på meir eller mindre (*kollektiv ending*, communal change).

William Labov (1994: 83) har teikna denne modellen for moglege endringstypar på samfunns- og individnivå:

	Individual	Community
1. Stability	Stable	Stable
2. Age-grading	Unstable	Stable
3. Generational change	Stable	Unstable
4. Communal change	Unstable	Unstable

For å svare på spørsmåla under forskingsspørsmål A må ein ha gjennomsnitt i større grupper – og forstå prosessane på *mesonivået*. Desse gruppeopplysningane kan nok vise oss om endringstypen svarar til 1 eller 4 i Labov-skjemaet, men dei blir for grove når ein vil sjå om 2 eller 3 er aktuelle. Nokre nyare granskingar som arbeider med forholdet livsfaseendring, endring med generasjonane og kollektiv endring, har antyda at det kan vere svært individavhengige endringar som skjer, dvs. for eksempel at mange personar er stabile i språkbruken, mens nokre få endrar språket sitt mye (Sankoff 2006). Slikt kan tyde på at ein også lyt vere open for at språket kan spele ulik rolle i dei individuelle "livshistoriene" utan å ha tydelege gruppekjennemerke, og det blir derfor nødvendig å prøve å forstå om det er spesielle personhistorier som legg til rette for språkleg tilpassing med alderen. Gruppeanalysar fangar ikkje så godt opp slike vaksen-endringar. Eit *mikroperspektiv* er dermed ei viktig utdjuing når ein skal forstå endringsprosessane, for makroperspektivet fokuserer dei ytre rammevilkåra for endringar i samfunnet, mens mikroperspektivet kan hjelpe oss å forstå korleis og korfor rammevilkåra blir ulikt utnytta av samfunnsmedlemmene. På denne måten kan vi også få kombinert det dominerande kvantitative preget i prosjektet med eit kvalitativt perspektiv.

Når ein "repeterer" eldre granskingar, kan det dermed vere eit poeng å prøve å få med nokre informantar som også var med i førre granskinga. Prosjektet LANCHART i København har fått positive metode-erfaringar med å hente fram tidlegare informantar.

C. Regionalisering, utjamning, standardisering, forenkling

I samfunnet vårt eksisterer det førestillingar og påstandar om kva mønster som rår i dialektendringane. Vanlegast er det å sjå for seg ein språkleg utjammingsprosess, og somme legg vekt på at denne prosessen viser eit nasjonalt mønster med tilnærming til ein språkleg standard. I dei seinare åra har ein vore oppteken av at det skjer dialektale regionaliseringar med ein reduksjon av strukturell variasjon, noko som fører til at talet på språklege trekk med avgrensa utbreiing blir borte. Vi får altså ei nivellering av lokale dialektar, medan trekk med vidare regional utbreiing blir haldne ved lag. Desse reint indrespråklege jamføringane for å finne overordna mønster, er viktige for å kunne forstå styrken i dei mange moglege påverknadsfaktorane.

Ei av dei sentrale problemstillingane som blir diskuterte mellom dialektologar i Noreg i dag, er om den dominerande påverknaden på språkendringane skjer etter ein horisontal eller ein vertikal akse. Mange hevdar at det er den vertikale aksene som styrer utviklinga. I det siste tilfellet er det usemje om vi er mest tente med eit "topp-ned"- eller eit "botn-opp"-perspektiv. (Auer 2000; Milroy 1992). Sentralt i den diskusjonen er det å avklare om språklege forenklingstendensar er ein sjølvstendig faktor i endringsmønsteret under gitte samfunnsvilkår, eller om dei har ytre språklege førebilete som f.eks. ein prestisjedialekt.

I Sverige har den urbane regionaliseringa komme langt, medan i Danmark ser det ut til at dei lokale dialektane alt er borte. Endatil dei regionale talemåla i Danmark ser ut for å vike for ei felles nasjonal talemålsnorm med utgangspunkt i København. Her er altså dei vertikale kreftene svært sterke (Kristiansen 2003). I Noreg viser talemålsgranskingane dei seinare åra at det er store skilnader i talemålutviklinga mellom t.d. Austlandet, Trøndelag og Vestlandet. Men enno veit vi for lite om

mønsteret i desse prosessane, om drivkreftene bak dei og om årsakene til dei regionale skilnadene. Målet vårt er å utvikla ein metode som kan teste styrken på desse faktorane.

Regionale skilnader lik dei vi finn i Skandinavia, ser ein også i andre europeiske land som t.d. Sveits, Spania og Italia. Lokale og regionale dialektar ser ut til å halde på posisjonen sin her, sjølv om dei endrar seg. (Christen 1998.)

D. Språkleg bevisstheit

Det er av teoretisk interesse å forstå om kultur og medvit har påverknad på språksituasjonen og språkendingane. Dei folkelege oppfatningane av dei pågåande endringane kan lett oppfattast som del av den kulturelle fokuseringa i samfunnet, og dermed som del av ein rådande samfunnsideologi. Ein ev. samheng mellom medvit og språkending må undersøkjast empirisk, slik det er lagt til rette for i kriterium *f* under samfunnstypologiseringa ovafor.

Dette er nærliggjande i Noreg, for det er ofte sett på slik at "språklimaet" her er uvanleg blant dei vestlege industrialiserte landa. Med tanke på jamføringar med dei skandinaviske nabolanda er dette sentralt.

Språkbevisstheita kan undersøkjast med metodar utvikla f.eks. innafør folkelingvistikken (jf. Niedzielski & Preston 1999), og dei bør utfyllast med undersøkingar av språkholdningar gjennom såkalla maskestestar (matched guise technique.) (jf. Kristiansen 1991).

5. Metode og materiale

Materiale

I Noreg har vi ein svært rik tilgang på granskingar av talemålet i enkeltstudiar. Desse enkeltstudiane er for det meste avgrensa til éin stad. Tradisjonelt var slike studiar orienterte mot ei beskriving av eit bestemt lingvistisk nivå, oftast fonologi, og beskrivinga tok utgangspunkt i eit idealisert og arkaisk talemål. Desse studiane hadde såleis ikkje som mål å beskrive "dialektsituasjonen". Men etter 1970 har det komme mange studiar av variasjonen i dialektsamfunna, og dermed kan ein nærme seg endringsprosessar på ein ny måte.

Etter kvart kan vi nå oppdatere bildet ved å gjennomføre nye punktgranskingar for å finne ut korleis språksituasjonen er éin generasjon etter dei førre sosiolingvistiske granskingane. Eit tidsrom på 30 år kan kanskje synast svært kort i eit språkendringperspektiv, men her er det viktig å hugse at det er nettopp i nærstudium av to stadium som ligg nær kvarandre i tid, at det er mogleg å studere levande endring. Derfor er dette ein metodisk fordel.

Dei fire stadene vi vil plukke ut til granskinga, skal vere mest mogleg ulike sett ut frå typologikriteria som er nemnt under forskingsspørsmål *A* ovafor. Men vi må også ta praktiske omsyn til kvaliteten på det eldre materialet vi skal bruke til jamføring.

Digitalisering, transkripsjon og lingvistisk merking

Sjølve digitaliseringa er ikkje så veldig arbeidskrevjande, men ho føreset eit god administrasjon og at det tekniske opplegget er klarlagt med rettleiing frå ekspertise som vi må hyre inn. Transkripsjonen er derimot meir tidkrevjande og stiller dei som skriv ut, overfor oppgåver som krev konsentrasjon, innleving og grammatisk innsikt. I dag er det einigheit om at det mest praktiske er å bruke ortografisk transkripsjon, som lettar både skrivearbeidet og sikrar meir effektive søkjefunksjonar i materialet. Vi vil byggje opp ein talemålsbase med XML-koding (Extensible Markup Language), som fungerer som standardformat i Noreg i dag, og vi ønskjer å følgje nøye opp nye fellesstandardar som ev. blir skapte i det norske språkmiljøet. Basen vi bli utvikla i nært samarbeid med Avdeling for kultur, språk og informasjonsteknologi, Unifob, som har høg kompetanse på bygging av talemålsbasar og på XML-koding.

Vi har alt eit samarbeid med andre prosjekt i Noreg for å sikre felles nasjonale standardar, og dermed for å leggje til rette for seinare utnytting av materiale på nasjonal basis. Vi vil utnytte

programvara som alt er utvikla for automatisk lingvistisk merking, den såkalla Oslo-Bergen-taggarer. Den må bearbeidast litt for å kunne takle talemålstranskripsjonar.

Nyinnsamling

Nyinnsamlinga av materiale skal likne mest mogleg på innsamlinga i den granskinga vi skal "gjenta" (eller: oppdatere), og vi vil prøve å la halvparten av informantane vere slike som var med i den første granskinga. Elles vil vi la hovudforma på granskinga på kvar stad vere tilpassa dette "standard"-formatet: 24 informantar med 30 minuttstale frå kvar. Dei skal representere minst to aldersgrupper, ha lik fordeling på dei to kjønna og vere frå ulike sosiale lag. Det vanlege er at ein prosjektmedarbeidar – som helst er frå same distriktet – står for opptaka. Halvparten av informantane bør vere dei same som i førre granskinga, resten skal vere mest mogleg tilfeldig utvald.

Førebuingane til feltarbeida på kvar stad, treng grundige gjennomdrøftingar og førebuingar i heile prosjektet. Det er naturleg at postdoktoren vi ønskjer tilsett, er med i eit feltarbeid, elles ønskjer vi så langt råd å dra inn masterstudentar i dette arbeidet, for materialet blir i praksis så stort at det òg kan utnyttast i masteroppgåver. Kan desse masterstudentane vere med i transkripsjonsarbeidet, er det ein fordel, for da kan ein få utvikla eit enda sterkare miljø kring prosjektet og dialektforskninga.

Innsamlingsarbeidet vil skje i nøyte samsvar med dei norske reglane for personvern.

6. Prosjektform

Prosjektet vil ligge under "Forskargruppa for samfunn og språkending (FORSE, <http://www.hf.uib.no/i/Nordisk/forskergruppe/0706Presentasjon.pdf>)" ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studiar (UiB).

Den sentrale medarbeidaren i prosjektet skal vere ein postdoktor med god erfaring frå talemålsforskning. Postdoktoren må få profilere sine forskingsspørsmål sjølv innafor rammene som er nemnde ovafor, men han eller ho skal ha eit overordna ansvar for nyinnsamlinga av materiale frå dei fire stadene etter den leisten som hovudprosjektet er sydd over. Alt skal skje i samarbeid med resten av forskargruppa, for materialet skal gå inn i ein base som det er fleire interessentar i, både masterstudentar og andre forskarar. Prosjektet treng ein forskingsassistent som kan stå for å organisere og gjennomføre digitaliseringa, og som kan transkribere materialet i samarbeid med andre transkriptørar.

Innafor FORSE arbeider alt Gunnstein Akselberg, Gjert Kristoffersen og Helge Sandøy med spørsmål som føreset at eit større dialektmateriale blir tilrettelagt slik det er beskrive ovafor. Dei er engasjerte i dette prosjektet gjennom forskingsdelen av stillingane sine, og dei skal fungere som rettleiarar og miljø for postdoktoren og forskingsassistenten. Akselberg arbeider særleg med regionaliseringsspørsmål, Kristoffersen med endringar i prosodi, og Sandøy med samfunnstypar og språkending. Ein stipendiat er òg alt med i gruppa, og frå 2008 kjem ein postdoktor og ein stipendiat, begge finansierte av UiB.

7. Vinning og perspektiv

Hovudproblemstillinga kring både språklege og samfunnsmessige variablar finn ein att i det som siste åra er blitt omtalt som både 'sosial dialektologi' og 'historisk sociolingvistik'. Den dialektologiske nyvinninga blir ei meir kontrollerbar teoretisk innsikt i korleis indre språkstrukturelle vilkår og samfunnsvilkår i eit samspel legg føringar for dei reint språklege endringane. Modellar for og teoretiske perspektiv på språkending passar godt til forskingsspørsmål som er framme internasjonalt, som det er interesse for på faglege konferansar, og som det er samarbeidsinteresse for i andre land. Dessutan vil eit slikt nytt forskingsgrep om endring kunne gi norsk dialektologi ei revitalisering ved å gi eit dynamisk perspektiv til den tradisjonelle og solide statiske beskrivinga som ein finn i Norsk dialektatlas og ei mengd dialektmonografiar.

Det sosiale perspektivet kjem sjølvsagt inn gjennom dei variablane som ein brukar, men prosjektet har òg eit kultursosiologisk tilsnitt ved at det gir oss innsikt i språket som eit kulturobjekt som vedkjem samfunnsmedlemmene sterkt. Resultata og drøftingane er derfor òg av stor kulturpolitisk interesse. Om eit slikt medvit er ein påverknadsfaktor i språkendinga, er del av problemstillingane (gjennom variabel f under forskings spørsmål A ovafor), og empirien i dette prosjektet kan vere til nytte i refleksjonen kring korleis medvitet er kulturelt betinga.

Forskingsspørsmåla i dette prosjektet går dels inn i prosjekt som er i gang i nokre andre land, særleg Europa. Serien International Conference on Language Variation and Change in Europe (ICLaVE) fangar opp ein del av denne interessa. Særleg prosjekt i Sverige, Danmark og England ligg nær vårt i problemstilling, og vi kan dermed la våre resultat gå inn i eit "større forskingslaboratorium".

Ei naturleg seinare oppfølging av innsikta vi kan få frå samtida vår, kan vere å prøve ut innsikta på eit materiale med vidare historisk lengdesnitt. Norsk språkending frå dei siste 800 åra kjenner vi relativt godt til i språkstrukturell forstand, og det kunne vere nyttig å prøve ut den sosiolingvistiske innsikta på dei rudimentære demografiske dataa vi har for denne perioden. Eine målet for eit slikt arbeid ville vere å få ein samfunnsmessig forklaringsdimensjon inn i språkhistoria. Den har i stor grad har mangla. Eit anna mål med ei "historisk projisering" av innsikt ut frå samtidsdata kan vere å teste i kor stor grad projiseringa i det heile er mogleg, for vi lyt òg vere opne for at språket som kulturobjekt kan spele ei anna rolle i dag enn i tidligare tider. Sosialantropologi og kultursosiologi har gitt oss kunnskapar om at førestellingane om språk kan skifte frå kultursamfunn til kultursamfunn, og det gjør at eit historisk studium må ta eit steg i retning av sosiologiske omgrep som 'språkmedvit' ("language awareness"). (Janson 1997.)

8. Nasjonalt og internasjonalt samarbeid

Forskargruppa for samfunn og språkending (FORSE) har alt eit nært samarbeid med andre nordiske språkprosjekt, særleg talemålsprosjekt. Gunnstein Akselberg og Gjert Kristoffersen er med i styret for prosjektet *Utviklingsprosesser i urbane språkmiljø* (UPUS)¹, som ser på samtidige endringar i nokre urbane språkvarietetar, og som fungerer kompletterande til dette prosjektet både ved at det ikkje har den historiske dimensjonen med komparasjon i verkeleg tid, og ved at det ikkje har delprosjekt på Vestlandet.

I nordisk samanheng er det store danske *Sprogforandringscentret* (Centre for language change in real time (LANCHART))² sentralt. Prosjekta der har òg som hovudsikte å gjenta tidlegare granskingar. Helge Sandøy er med i International Council i det prosjektet. Gjert Kristoffersen representerer FORSE i det NordForsk-finansierte nettverket *Nordic Language Variation Network*.³ Dette nettverket står for roterande forskarkurs kvart semester. Kristoffersen er også ein av tre koordinatorar i eit europeisk nettverk av forskarar som brukar korpus i fonologisk forskning. I det nordiske dialektsyntaksprosjektet *Scandinavian Dialect Syntax* (ScanDiaSyn)⁴, som har ni forskargrupper som undersøker systematisk utbreinga av syntaktiske variantar i nordiske dialektar, er Helge Sandøy medlem i referansegruppa.

Vi har dessutan fagleg kontakt med prosjektet *Dialektutjämning i Västsverige* i Göteborg (organisert under Institutet för språk och folkminnen), som òg språkending i verkeleg tid. Vi har i lengre tid også hatt nært samarbeid med professor Paul Kerswill ved University of Lancaster, som for tida driv prosjektet *The English of adolescents in London*⁵. Vi vil ha nært samarbeid og felles arbeidsseminar med dei tre talemålsprosjekta nemnde ovafor.

¹ <http://mime.hf.ntnu.no/hf/adm/forskning/prosjekter/UPUS/index.html>

² <http://lanchart.hum.ku.dk/>

³ <http://nlvn.uit.no/>

⁴ <http://uit.no/scandiasyn/?Language=no>

⁵ <http://www.lancs.ac.uk/fss/projects/linguistics/innovators/index.htm>

9. Referansar

- Akselberg, Gunnstein. 2005. Talemålsregionalisering – modellar og røynd. I: *Målbryting* 7, 109–130.
- Andersen, Henning. 1989. Understanding linguistic innovations. I: L.E. Breivik & E.H. Jahr (red.), *Language Change: Contributions to the Study of its Causes*, 5–27. Berlin: de Gruyter.
- Auer, Peter. 2000. Processes of horizontal and vertical convergence in present day Germany. *Målbryting* 4: 9–26.
- Christen, Helen. 1998. *Dialekt im Alltag. Eine empirische Untersuchung zur lokalen Komponente heutiger schweizerdeutscher Varietäten*. Vol. 201, *Reihe germanistische Linguistik*. Tübingen: Niemeyer.
- Gabrielsen, Finn. 1984. *Eg eller je? Ei sosiolingvistisk gransking av yngre mål i Stavanger*. Oslo: Novus forlag.
- Hognestad, Jan. 2007. Tonelag i Flekkefjord bymål. I: *Norsk lingvistisk tidsskrift* 1/2007, 57–88.
- Janson, Tore. 1997. *Språken och historien*. Stockholm: Norstedts.
- Kerswill, Paul & Peter Auer & Frans Hinskens (red.). 2005. *Dialect change : convergence and divergence in European languages*. Cambridge : Cambridge University Press.
- Kristiansen, Tore. 1991. *Sproglige normidealer på Næstvedegnen. Kvantitative sprogholdningsstudier*. (Upublisert ph.d.-avhandling.) København: Københavns Universitet.
- Kristiansen, Tore. 2003. Sproglig regionalisering i Danmark? I: Gunnstein Akselberg o.fl.. (red.), *Nordisk dialektologi*, 115–150. Oslo: Novus forlag.
- Labov, William. 1980. The social origins of sound change. I: W. Labov (red.), *Location language in Time and Space*. New York: Academic Press, 251–266.
- Labov, William. 1994. *Principles of linguistic change. Internal factors*. Oxford: Blackwell.
- Lund, Jørn. 2005. Åbenlyse og diskrete sprogudviklinger. Introduktion af en problemstilling. I: *Språk i Norden* 2005, 7–22.
- Milroy, James. 1992. *Linguistic variation and change: on the historical sociolinguistics of English*. Oxford: Blackwell.
- Milroy, Lesley. 1980. *Language and social networks*. (Language in society 2.) Oxford : Blackwell.
- Mæhlum, Brit. 2003. Hvor går vi – og hvorfor? Et forsøk på å trekke noen store linjer i utviklingen av norsk talemål. I: *Målbryting* 6/2003, 67–92.
- Nerbonne, John and Wilbert Heeringa. 2001. Computational comparison and classification of dialects. *Dialectologia et geolinguistica. Journal of the International Society of Dialectology and Geolinguistics* 9: 69–83.
- Niedzielski, Nancy & Dennis R. Preston. 1999. *Folk Linguistics*. Berlin: Mouton de Gruyter.
- Sandøy, Helge. 2004. Types of society and language change in the Nordic countries. I: B.-L. Gunnarsson (red.), *Language variation in Europe*, 53–76. Uppsala: Department of Scandinavian Languages.
- Sandøy, Helge. 2006. Språk og region i historisk perspektiv. I: Jan Ragnar Hagland (red.), *Regional språkhistorie. Rapport frå eit seminar i regi av Det kongelige Norske Videnskabers Selskab 14.–15. oktober 2005*, 20–39. Trondheim: DKVS.
- Sankoff, Gillian. 2006. Language change across the lifespan: /r/ in Montreal French <http://www.ling.upenn.edu/~gillian/PAPERS/LifeChangeR.pdf>
- Trudgill, Peter. 1986. *Dialects in contact*. Oxford: Blackwell
- Trudgill, Peter. 1992. Dialect typology and social structure. I: E. H. Jahr (red.), *Language contact. Theoretical and empirical studies*. Berlin: Mouton de Gruyter.
- Trudgill, Peter. 1996. Dialect typology: isolation, social network and phonological structure. I: G. Guy et al. (red.), *Towards a social science of language : papers in honour of William Labov. Vol. 1: variation and change in language and society*, 3–22. Amsterdam: Benjamins.
- Trudgill, Peter. 1998. Typology and sociolinguistics: linguistic structure, social structure and explanatory comparative dialectology. I: *Folia Linguistica* 31.3–4: 349–360.
- TUB (1983–1988) = *Talemål i Bergen 1-4*. Bergen: Nordisk institutt.